



Det aktuelle areal er markert på dette kartet.

SPAR Uskedalen har behov for meir plass i butikken og no har Nilsen Eigedom AS signert kontrakt med nabo Torfinn Myklebust om kjøp av næringsareal.

Arealet grensar til dagens parkeringsplass og SPAR ser berre fordelar ved å komma nærare hovudvegen,



På dette området, her sett frå den noverande butikken, skal SPAR Uskedalen utvidast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I ei pressemelding i kveld understrekar dagleg leiar Bente Nilsen at dei heile vegen har hatt ein god dialog med Torfinn Myklebust som er svært positiv til utvidingsplanane.

Dei tre SPAR-damene Gunn Mari Moberg, Kjersti Børve og Bente Nilsen vurderer no forslag til påbygg og prosjektet er på teiknestadiet, går det fram av pressemeldinga.

SPAR ser fram til å kunne tilby kundene eit betre utval i matvarer og leiinga gler seg til å opna ein enda større butikk.

Bente Nilsen opplyser til uskedalen.no at handelen omfattar heile arealet mellom parkeringsplassen, Sandavegen, Rabben og Gamleskulen og er på 1,2 dekar. Påbygget blir mellom 400 og 500 kvadratmeter men det er ikkje bestemt om det blir 1 eller 2 høgder.

Nilsen håpar at byggjeprosessen kan gjennomførast i år og at innflyttinga dermed kan skje til jul.

Av Ola Matti Mathisen